

Saksbehandlar: Knut Åland, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/5920-20

## Aurland kommune. Reguleringsendring - Varehuset Brødrene Wangen, motsegn

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot Reguleringsendring - Varehuset Brødrene Wangen. Endringar vil medføre utilbørleg skjemming av kyrkja.
2. Som forhandlingsleiar for fylkeskommunen vert vald.....

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

### Vedlegg:

1. Reguleringsendring for varehuset Brødrene Wangen - Fråsegn med motsegn frå Bjørgvin bispedømeråd.
2. Aurland - Reguleringsendring gbnr. 9/3 m.fl - Varehuset Brødrene Wangen. Sogn og Fjordane fylkeskommune
3. Reguleringsplan Varehuset Brødrene Wangen, Aurland kommune. Riksantikvaren tilrår motsegn. Riksantikvaren.
4. Reguleringsendring for varehuset Brødrene Wangen - offentlig ettersyn. Aurland kommune.

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

Aurland kyrkje er eit sentralt kulturminne i Aurland og i Sogn. Kyrkja frå mellomalderen er automatisk freda, og eit kulturminne av nasjonal verdi. Utbygginga av varehuset som no er planlagt vest for kyrkja, vil vere utilbørleg skjemmende for kyrkja, og i strid med dei nasjonale kulturminneinteressene som er knytt til Aurland mellomalderkyrkje. Riksantikvaren har på det grunnlag bede Sogn og Fjordane fylkeskommune reise motsegn til reguleringsplan for Varehuset Brødrene Wangen.

### 2. Bakgrunn for saka

Aurland kommune har lagt forslag til reguleringsendring for Varehuset Brødrene Wangen AS ut til offentlig ettersyn.

Føremålet med planarbeidet er å erstatte eksisterande varehus med eit nytt bygg i fire etasjar og loftsetasje, og opne for turistføremål, næring, bevertning og overnatting. Planen opnar også for å byggje oppatt «Tvillingbuene» og «Kolbui» på kaia, tilpassa bustad/fritids- og turistføremål og næring. Planen skal også leggje til rette for ei realiserbar parkeringsløyising og utbetre området ved kaia. Eksisterande bygning er planlagt riven. Planområdet er på omlag 2,6 daa.

Riksantikvaren gir fråsegn om dei forvaltingsområda der direktoratet har ansvar som fagstyresmakt. I dette tilfellet gjeld det:

*Kyrkje, frå mellomalderen, automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova), § 4, fyrste ledd, pkt. a.*

Fylkeskommunen er delegert ansvaret som kulturminnestyresmakt i plansaker etter plan- og bygningslova.

#### Aurland kyrkje som kulturminne

Aurland kyrkje er ei av mellomalderkyrkjene i Noreg med mest opphavleg arkitektur. Det knyter seg stor historisk interesse til ho, der Aurlandsætta, kong Sverre og nasjonale hendingar i norsk mellomalder vert nemnde som moglege delforklåringar på at ei slik stor steinkyrkje vart bygd på Aurlandsvangen, truleg med ein byggeperiode i løpet av heile 1200-talet. Staden kyrkja ligg på har vore sentral sidan førkristen tid. Her møtte sjøvegen den eldgamle hovudvegen mellom Aust- og Vest-Noreg. Opp til nyare tid har kyrkja vore godt eksponert mot fjorden og vore eit orienteringspunkt for sjøfarande. Kontakten mellom kyrkja og fjorden er ein vesentleg del av kyrkja sin historiske og geografiske kontekst.

Reguleringsplanen har vore til uttale hos Bjørgvin bispedømeråd. Bispedømerådet har i brev av 31. oktober 2018, meldt motsegn til reguleringsplan.

Riksantikvaren har i brev av 26. oktober 2018, gitt eiga fråsegn til reguleringsplanen og tilrår motsegn.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Merknader til reguleringsplanen

Framlegget til reguleringsplan opnar for ei utbygging i planområdet der bygningsvoluma får ei høgde og ei utstrekning som vil fjerne mykje av den visuelle kontakten som framleis er mellom kyrkja og fjorden. Dei planlagde bygningane på kaia vert større enn dei som tidlegare har stått der, og bygninga som er planlagt ca. 50 m frå kyrkja er i fire etasjar med saltak, medan huset som står der i dag berre har ein etasje med saltak mot kyrkja. Dette er eit alvorleg inngrep i kyrkja sin landskapskontekst. Fylkesrådmannen meiner ein ikkje bør tillate ei utbygging som reduserer siktsonene mellom kyrkja og fjorden meir enn det dei nedbrende sjøbuene som tidlegare sto i planområdet gjorde.

Reguleringsføresegnene i planframlegget gir ingen føringar i høve form og fasadar på nybygg i planområdet. Det er avgjerande for ivaretakinga av den automatisk freda kyrkja at fasadar som vender mot kyrkja og fasadar mot fjorden får eit dempa uttrykk, og at nye bygningar blir utforma slik at dei ikkje verkar forstyrrande på opplevinga av kyrkja. Dette omsynet må takast inn i føresegnene for planområdet.

Kulturminnelova seier m.a. at det ikkje er lov å utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. Vangen kyrkje er automatisk freda, og reguleringsføresegnene opnar for tiltak som vil verke utilbørleg skjemmande for Vangen kyrkje – både for opplevinga ved kyrkja, og sikta mot kyrkja frå sjøen og andre kantar. Vangen kyrkje er eit kulturminne av nasjonal verdi. Tiltak som vert planlagt nær kyrkja må ikkje skjemme henne på ein utilbørleg måte. Det er særskilt viktig at kyrkja framleis kan opplevast uforstyrra i landskapet, og at moderne inngrep underordnar seg kyrkja.

Ei realisering av reguleringsplanen slik den no ligg føre, krev dispensasjon frå kulturminnelova. Det er riksantikvaren som er rett styresmakt til å gi slik dispensasjon. Fylkesrådmannen meiner at det er store kulturhistoriske interesser knytt til å oppretthalde kyrkja sin kontakt med fjorden, og sikre ein harmonisk heilskap i bygningsmassen rundt kyrkja. Riksantikvaren vil ikkje gje dispensasjon frå kulturminnelova i denne saka, og har bede Sogn og Fjordane fylkeskommune reise motsegn til reguleringsplanen.

Reguleringsplanen opnar for ei byggehøgde som hindrar siktlinjene mellom sjøen og kyrkja. Dette vil gå ut over den freda kyrkja sitt uttrykk som signalbygg på staden i dag, og fjerne historiske siktlinjer frå fjorden mot kyrkja. Det vil og hindre utsynet frå kyrkja mot fjorden. Etter fylkesrådmannen sitt syn, kan ein ikkje byggje noko særleg høgare enn dei bygningane som i dag står i framkant av kyrkja på Aurlandsvangen. Vangen kyrkje og dei eldre bygningane i sentrum, utgjer eit viktig samanhengande kulturmiljø av høg kulturhistorisk verdi. Den gamle butikken og

lageret til Varehuset Brødrene Wangen, er datert til 1800-talet og er i dag eit viktig miljøskapande element og kulturminne på Aurlandsvangen.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner at utbygginga som er planlagd i reguleringsplanen vil vere utilbørleg skjemma for kyrkja, og i strid med dei nasjonale kulturminneinteressene som er knytt til Aurland kyrkje. Dei planlagde tiltaka vil, slik dei no ligg føre, i tillegg krevje dispensasjon frå kulturminnelova. Riksantikvaren har gjeve melding om at dei ikkje vil gje dispensasjon frå kulturminnelova i denne saka, og har bede Sogn og Fjordane fylkeskommune reise motsegn mot reguleringsplanen. På bakgrunn av dette rår fylkesrådmannen fylkesutvalet til å reise til motsegn mot Reguleringsplan for Varehuset Brødrene Wangen i Aurland kommune.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑